

# GENERELLE RAMMEAVTALEVILKÅR

## Innhaldsliste

1	OMFANG OG VARIGHEIT .....	3
1.1	<i>Føremål og omfang</i> .....	3
1.2	<i>Varigheit og oppseiing – opsjon på forlenging</i> .....	3
2	PROSEDYRE FOR KJØP INNANFOR RAMMEAVTALEN .....	3
2.1	<i>Kjøp og bestillingsrutinar</i> .....	3
2.2	<i>Avtalevilkår for dei enkelte avropa</i> .....	3
3	LEVERANDØREN SINE PLIKTER .....	3
3.1	<i>Plikt til å svare på førespurnader</i> .....	3
3.2	<i>Tilbodsplikt</i> .....	3
3.3	<i>Tilbod og kampanjar</i> .....	4
3.4	<i>Overfakturering</i> .....	4
3.5	<i>Kompetanseoverføring</i> .....	4
3.6	<i>Statistikk og rapportering</i> .....	4
3.7	<i>Revisjon</i> .....	4
4	OPPDRAKSGJEVAR SINE PLIKTER .....	4
4.1	<i>Oppdragsgjevar sitt ansvar og medverknad</i> .....	4
5	PLIKTER SOM GJELD OPPDRAGSGJEVAR OG LEVERANDØR .....	5
5.1	<i>Samarbeid</i> .....	5
5.2	<i>Samfunnsansvar</i> .....	5
5.3	<i>Personopplysningar og informasjonstryggleik</i> .....	6
5.4	<i>Teieplikt</i> .....	6
6	MISLEGHALD .....	6
6.1	<i>Misleghald av rammeavtalen</i> .....	6
6.2	<i>Særleg om erstatning</i> .....	6
7	ENDRINGAR .....	7
8	TVISTAR .....	7
8.1	<i>Lovval</i> .....	7
8.2	<i>Forhandlingar og mekling</i> .....	7
8.3	<i>Domstols- eller skilsdomsbehandling</i> .....	7

## **1 OMFANG OG VARIGHEIT**

### **1.1 Føremål og omfang**

Denne avtalen er ein rammeavtale mellom oppdragsgjevar (frå no av kalla «Oppdragsgjevar») og leverandøren (frå no av kalla «Leverandøren») om levering av varer og/eller tenester som skildra i bilag og i vilkår for det enkelte kjøp (avrop). Oppdragsgjevar og Leverandøren kan også enkeltvis bli kalla «Part» og i fellesskap «Partane».

Rammeavtalen gjev Oppdragsgjevar rett til å kjøpe varer og/eller tenester som er dekte av denne rammeavtalen innanfor rammeavtalen sitt omfang og varigheit. Oppdragsgjevar er ikkje plikta til å kjøpe noko bestemt mengde varer eller tenester i rammeavtaleperioden.

### **1.2 Varigheit og oppseiing – opsjon på forlenging**

Varigheit og opsjon på forlenging kjem fram av avtaledokumentet.

Avtalen blir automatisk forlenga for ein periode av gongen, med mindre Oppdragsgjevar skriftleg har meldt noko anna seinast 1 månad før utløp av inneverande kontraksperiode.

Oppdragsgjevar kan seie opp rammeavtalen med 3 (tre) månaders skriftleg varsel, om det ligg føre sakleg grunn. Som sakleg grunn reknar ein blant anna tilfelle der det er gjort vesentlege endringar i Kontrakten som krev at Oppdragsgjevar gjennomfører ein ny konkurranse i samsvar med anskaffingsregelverket. Oppseiinga påverkar ikkje allereie tildelte kontraktar (avrop).

## **2 PROSEDYRE FOR KJØP INNANFOR RAMMEAVTALEN**

### **2.1 Kjøp og bestillingsrutinar**

Kjøp og bestilling av varer/tenester (avrop) gjerast etter dei rutinane for bestilling som er avtalte i bilag. Om det er fleire avtaleleverandørar, tildelast kontrakt i samsvar med reglar fastsette i avtaledokumentet og bilag.

Avrop på rammeavtalen kan gjerast innanfor rammeavtalen si verketid. Dei enkelte avropa kan ha varigheit utover opphørstidspunkt for rammeavtalen.

### **2.2 Avtlevilkår for dei enkelte avropa**

For det enkelte avropet gjeld avtlevilkåra som er spesifiserte i avtaledokumentet med dei endringar, presiseringar og tillegg som kjem fram av rammeavtalen og det aktuelle avropet.

## **3 LEVERANDØREN SINE PLIKTER**

### **3.1 Plikt til å svare på førespurnader**

Leverandøren pliktar å svare på Oppdragsgjevar sine førespurnader så raskt som mogleg. Konkrete fristar kan vere avtalte i bilag.

### **3.2 Tilbodsplikt**

Om rammeavtalen er inngått med berre éin leverandør, eller det er fastsett rangering/fordeling i rammeavtalar med fleire leverandørar, pliktar Leverandøren å levere i samsvar med rammeavtalen, med mindre det ligg føre sakleg grunn.

Om Oppdragsgjevar har inngått parallelle rammeavtalar med fleire leverandøra, og det skal gjennomførast minikonkurranse mellom leverandørane i samband med den enkelte tildelinga, pliktar Leverandøren å gje tilbod med mindre det ligg føre sakleg grunn. I dei tilfella Leverandøren ikkje deltek i minikonkurranse, skal det gjevast skriftleg grunngeving til Oppdragsgjevar. Vedvarande manglande deltaking i minikonkurransar utan sakleg grunn, reknast som misleghald.

### **3.3 Tilbod og kampanjar**

Tilbod/kampanjar som Leverandøren gjev i marknaden generelt i kontraktsperioden og som er gunstigare enn dei vilkåra som er avtalte i denne Kontrakten, skal automatisk gjelde for Oppdragsgjevar. Leverandøren pliktar å gjere slike tilbod kjende for Oppdragsgjevar.

### **3.4 Overfakturering**

Leverandøren pliktar å tilbakebetale kvart eit beløp som er betalt for mykje frå Oppdragsgjevar. Denne plikta gjeld i inntil tre år etter at den aktuelle betalinga har funne stad.

Leverandøren skal betale forseinkingsrenter i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forseinka betaling mv. (forsinkelsesrenteloven) på beløpet som er overfakturert, rekna ut frå betalingstidspunktet til datoen for tilbakebetalinga.

### **3.5 Kompetanseoverføring**

Leverandøren pliktar å overføre kompetanse opparbeidd under Kontrakten til Oppdragsgjevar på den måten Oppdragsgjevar fastset.

### **3.6 Statistikk og rapportering**

Leverandøren pliktar å sende over årleg leveringsstatistikk, og eventuell anna rapportering slik det er avtalt. Leverandøren skal ikkje ta i mot noko særskilt vederlag for dette.

Det skal vere mogleg å kontrollere innlevert salsstatistikk mot avtaleprisar. Statistikkar over leveransar skal innehalde informasjon om leveringsstader, omsetning av alle produktgrupper og produkt/tenester kjøpte av Oppdragsgjevar hos Leverandøren.

### **3.7 Revisjon**

Oppdragsgjevar har rett til å gjere revisjon av Leverandøren sine system, rutinar og aktivitetar som er i samband med leveransen. Oppdragsgjevar har rett til innsyn i rekneskapar/annan relevant dokumentasjon for verifisering av Leverandøren si prising. Revisjonsretten startar ved avtaleinngåing og er avgrensa til avtaleperioden.

Ved revisjon skal Leverandøren vederlagsfritt yte rimeleg assistanse. Oppdragsgjevar kan bruke tredjepart til gjennomføring av slik undersøking.

## **4 OPPDRAGSGJEVAR SINE PLIKTER**

### **4.1 Oppdragsgjevar sitt ansvar og medverknad**

Oppdragsgjevar skal bidra til å leggje tilhøva til rette for at Leverandøren skal få utført pliktene sine etter denne avtalen og tilhøyrande dokument.

## **5 PLIKTER SOM GJELD OPPDRAGSGJEVAR OG LEVERANDØR**

### **5.1 Samarbeid**

Kvar av partane skal utnemne ein representant for oppfølging av rammeavtalen. Representanten skal vere kontaktpunktet for alle førespurnader knytte til avtalen. Partane skal informere kvarandre om eventuell utskifting av representanten.

Partane skal lojalt samarbeide og medverke til gjennomføring av rammeavtalen. Førespurnader frå den andre part skal svarast på utan ugrunna opphald.

Partane skal utan ugrunna opphald varsle kvarandre om tilhøve dei forstår eller bør forstå kan få noko å seie for gjennomføringa av rammeavtalen.

Ved opphøyr av rammeavtalen, uavhengig av årsaka, pliktar Leverandøren å bidra til smidig overgang til eventuell ny leverandør. Dette gjeld ikkje om rammeavtalen er heva som følgje av misleghald frå Oppdragsgjevar eller forventa misleghald av rammeavtalen.

### **5.2 Samfunnsansvar**

#### **5.2.1 Generelt**

Oppdragsgjevar og Leverandøren skal utvise samfunnsansvar i gjennomføringa av Kontrakten, både når det gjeld miljø, klima, løns- og arbeidsvilkår og etisk handel, jf. bilag til avtalen.

#### **5.2.2 Miljø**

Oppdragsgjevar ønskjer å drive verksemda med minst mogleg miljøbelastning. Leverandøren pliktar derfor å oppfylle avtalen på ein miljøvenleg måte og fremje klimavenlege løysingar der det er mogleg og føremålstenleg, inkludert ved val av materiell, transportløysingar, avfallsminimering og gjenvinningsløysingar.

#### **5.2.3 Løns- og arbeidsvilkår**

Leverandøren har ansvar for at eigne tilsette og tilsette hos underleverandørar (inkludert innleigde) har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med norsk lovverk, medrekna Lov om allmenngjøring av tariffavtaler m.v. (ålmenngjøringslova) og forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter av 8. februar 2008 der denne skal brukast.

I desse tilfella pliktar Leverandøren på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkåra for eigne tilsette og tilsette hos eventuelle underleverandørar (medrekna innleigde). Opplysningane skal dokumenterast ved blant anna kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og bankutskrift frå arbeidsgjevaren.

#### **5.2.4 Etisk handel**

Varer som blir leverte til Oppdragsgivar skal vere framstilte under forhold som er i samsvar med krav i internasjonalt anerkjente FN-konvensjonar, ILO-konvensjonar og nasjonal lovgjeving om menneskerettar og arbeidstakarrettar. Leverandøren skal følgje dei åtte grunnleggane ILO-konvensjonane og arbeide med å sikre at eigne underleverandørar innfrir konvensjonane sine krav. Leverandøren skal sette i verk tiltak eller avslutte samarbeid med aktuelle underleverandørar, dersom brot på kovensjonane nemnde over vert oppdaga.

### **5.3 Personopplysningar og informasjonstryggleik**

Handsamar Leverandøren personopplysningar på vegner av Oppdragsgjevar, pliktar Oppdragsgjevar og Leverandør å inngå ein databehandlaravtale i samsvar med personopplysningslova og eventuell sektorspesifikk personvernlovgeving som er relevant for verksemda til Oppdragsgjevar. Det same gjeld for personopplysningar som Leverandøren hentar inn frå andre kjelder enn Oppdragsgjevar.

Databehandlaravtale må vere inngått før Leverandøren kan byrje handsaminga av personopplysningar.

### **5.4 Teieplikt**

Partane har teieplikt om opplysningar dei mottok eller på annan måte blir kjende med om den andre parten sine forretningsmessige eller personlege tilhøve, så fremt desse ikkje er offentleg kjende.

Leverandøren kan berre overføre teiepliktig informasjon til underleverandørar og tredjepartar i den grad dette er nødvendig for gjennomføring av rammeavtalne, føresett at desse påleggjast plikt til konfidensialitet tilsvarande dette punktet.

Sidan Oppdragsgjevar er ei offentleg verksemd, er teieplikt etter denne regelen ikkje meir omfattande enn det som følgjer av lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker (forvaltningslova) eller tilsvarande sektorspesifikk regulering.

Teieplikt etter dette vilkåret er vidare ikkje til hinder for utlevering av informasjon som krevjast lagt fram i samsvar med lov eller forskrift, under dette offentlegheit og innsynsrett som følgjer av lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova). Om mogleg skal den andre Part varslast før slik informasjon blir gjeven.

Teieplikta gjeld også etter at rammeavtalen er opphøyr. Tilsette eller andre som fråtrer tenesta si hos ein av partane, skal påleggjast teieplikt også etter fråtreding om tilhøve som nemnt ovanfor. Teieplikta opphøyrer 5 (fem) år etter at rammeavtalen er avslutta, med mindre anna følgjer av lov eller forskrift.

Teieplikta er elles regulert i den enkelte tildelingsavtale og i relevant lov eller forskrift.

## **6 MISLEGHALD**

### **6.1 Misleghald av rammeavtalen**

Misleghald av rammeavtalen handterast i samsvar med alminnelege kontraktsrettslege prinsipp.

### **6.2 Særleg om erstatning**

Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt forteneeste av ein kvar art, tapte innsparingar, tap av data og krav frå tredjepartar.

Ved heving av rammeavtalen, kan den som hevar avtalen krevje erstatta meirutgifter som oppstår ved levering av dei varer og/eller tenester som omfattast av avtalen, frå hevingstidspunktet til det tidspunktet den som hevar, tidlegast kunne brakt avtalen til opphøyr.

## **7 ENDRINGAR**

Oppdragsgjevar har rett til å krevje kvalitetsmessige og eller kvantitative endringar av avtalen, under føresetnad av at endringa ligg innanfor det Partane med rimeleg grunn kunne vente då rammeavtalen vart inngått.

Endringar av eller tillegg til rammeavtalen skal avtalast skriftleg. Leverandøren har krav på justering av tidsfristar og vederlag for meirarbeid eller direkte kostnader som endringa medfører etter følgjande prinsipp:

- Dersom avtalen inneheld einingsprisar og/eller oppgitte timeprisar som høver for endringa, skal desse nyttast til å kompensera Leverandøren. Einingsprisar og/eller timeprisane skal også nyttast dersom endringa gjeld ytingar som er relativt like dei ytingane som det er fastsett einingsprisar/timeprisar for i avtalen.
- Dersom det ikkje finst einingsprisar eller timeprisar i avtalar som høver, skal endringa kompenseras på grunnlag av det generelle prisnivået i avtalen for ytingar. Dersom det ikkje er mogleg, skal endringa kompenseras etter marknadspris.

Dersom endringa fører til innsparingar for Leverandøren, skal desse trekkast frå vederlaget på tilsvarende måte.

Leverandøren skal på eige initiativ, eller på førespurnad frå Oppdragsgjevar, gi eit spesifisert tilbod på konsekvensane av endringa for avtaleprisen og fristane i avtalen.

Er Partane ueinige om beløpet som skal leggjast til eller trekkast frå kontraktsprisen, eller om andre konsekvensar som følgje av endringa, skal Leverandøren likevel iverksette endringa utan å avvente endeleg løysing mellom Partane om konsekvensane.

## **8 TVISTAR**

### **8.1 Lovval**

Partane sine rettar og plikter etter denne rammeavtalen blir i sin heilskap regulerte av norsk rett.

### **8.2 Forhandlingar og mekling**

Om det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadene av rammeavtalen, skal tvisten først søkast løyst ved forhandlingar og/eller mekling.

### **8.3 Domstols- eller skiltdomsbehandling**

Om ein tvist ikkje blir løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Oppdragsgjevar sitt heimting er verneting.

Partane kan alternativt avtale at tvisten blir avgjort med endeleg verknad ved skiltdom.